


# Årsmelding 2020



# INNHALD

3. Vedtekter
4. Styrets arbeid
5. Strategiplan
6. Kommentar frå dagleg leiar
7. Organisasjon / verkstaden
8. Økonomi
9. Produksjon
10. Lærlingar / marknadsføring
11. Formidling
12. Opplæring / Artisan at Work
13. Helse, miljø og tryggleik
14. Generelt for Oselvarverkstaden
15. Signatur



Snitt F



# VEDTEKTER

## for Stiftinga Oselvarverkstaden

### § 1 Namn og forretningsadresse

Stiftinga Oselvarverkstaden vart skipa i 1997 av Os kommune og Os Båtbyggjarlag i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Namnet er Stiftinga Oselvarverkstaden. For alt som ikkje er regulert av desse vedtektene, gjeld lovgjevinga om stiftingar. Forretningsadresse er Stiftinga Oselvarverkstaden, 5200 Os.

### § 2 Føremål

Føremålet er å ta vare på båtbyggjarhandverket som gjeld oselvaren, i pakt med tradisjonar og strenge krav til kvalitet. Dette skal ein oppnå ved at:

- A. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein tek vare på og utviklar spisskompetansen med bygging av små trebåtar.
- B. Oselvarverkstaden skal vera ein opplæringsstad for dei fylkeskommunale lærlingane.
- C. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der handverket kan vidareførast som ei livskraftig næring.
- D. Oselvarverkstaden skal vera ein stad der ein vil formidla kunnskap om handverket og bruken av båten.

### § 3 Grunnkapital

Grunnkapitalen er på kr 50 000.

### § 4 Styret

Styre for Stiftinga Oselvarverkstaden har fem medlemmer med personlege varamedlemmer som vert oppnemnde slik:

- Bjørnafjorden kommune - ein medlem
- Vestland fylkeskommune - ein medlem
- Dei fast tilsette på Oselvarverkstaden - ein medlem
- Dessutan nemner styret for stiftinga opp to styremedlemmer. Minst ein av dei skal vera frå norsk museumsmiljø eller antikvarisk miljø, og ha relevant kompetanse om tradisjonell, norsk småbåtkultur.

Funksjonstida til styremedlemma følger kommunestyreperioden. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Styremedlem kan attveljast utan tidsavgrensing. Styret er vedtaksført når minst 3 medlem er til stades. Står røystene likt avgjer røysta til leiaren. Dagleg leiar er sekretær for styret og møter fast på styremøta. Styret kan i einskilde høve også gje andre møte- og talerett.

Styre tilset og kan seia opp dagleg leiar og båtbyggjarar, og fastset kven som skal ha det faglege ansvaret. Styret godkjenner årsmelding og årsrekneskap som dagleg leiar legg fram, og vedtek budsjett. Styret kan også vedta strategiske planar for drifta ved verkstaden. Styret vel revisor for stiftinga.

### § 5 Strategiutval

Oselvarverkstaden har eit strategiutval på minst fem personar, alle oppnemnde av styret. Strategiutvalet arbeider etter eit mandat gjeve av styret for verkstaden.

## § 6 Dagleg leing

Styret tilset dagleg leiar, som skal fungere som sekretær for styret og stå for den daglege drifta av Oselvarverkstaden. Det gjeld også produksjonsplanlegging og organisering av arbeidet på verkstaden.

# STYRETS ARBEID

## Styret i meldingsåret 2020 har vore:

Leiar:	Henrik J. Askvik	<i>Oppnemnd av styret</i>
Nestleiar:	Stig Morten Frøiland	<i>Oppnemnd av Vestland fylkeskommune</i>
Medlem:	Helge Steinum	<i>Oppnemnd av Bjørnafjorden kommune</i>
Medlem:	Terje Planke	<i>Oppnemnd av styret</i>
Medlem:	Stig Salbu Henneman	<i>Vald av dei tilsette</i>

## Styremøter

Styret har hatt fem møte med 55 vedtak i 2020.

Møtedato var 1. april, 15. juni, 21. september, 23. november og 9. desember.

## Budsjettmøte med Vestland fylkeskommune

5. juni 2020 hadde vi årleg budsjettmøte med Hordaland fylkeskommune. Styreleiar og dagleg leiar deltok på møtet som vart avvikla digitalt. Vi hadde ikkje budsjettmøte med Bjørnafjorden kommune i 2020.

Rammer for budsjettmøte er at ein gjennomgår verksemda sine aktivitetar opp mot vedtekter, rekneskap og budsjettframlegg og at vi skal drøfte ymse utfordringar for drifta.

Budsjettmøtet gjer grunnlag for stønad frå Os kommune og Hordaland fylkeskommune etter inngått avtale. Avtalen er ein føresetnad for drift av Stiftinga Oselvarverkstaden. Det er og har alltid vore ein god dialog og forståing mellom partane.

For 2020 var stønaden **kr 1 100 000** frå **Bjørnafjorden kommune** og **kr 1 624 000** frå **Vestland fylkeskommune**.

Revisor for Oselvarverkstaden er **Os Revisjon**.

## Dei viktigste sakene styret har handsama i 2020:

- Styret har hatt fokus på Covid-19 og korleis dette har påverka drifta ved verkstaden.
- Strategiarbeid om korleis vi kan få Oselvarverkstaden inn på statsbudsjettet.
- Ønske om auka årsverk og båtbyggjarkapasitet.
- Ordretilgang, marknadsføring og byggjeprogram.
- Planlegging av Bachelor-studiet i tradisjonsbåtsbygging og avtale med UiT.
- Planlegging av workshop: "Nye Oselvarverkstaden"
- Berit Osmundsen har orientert styret om stipendiat-arbeidet med åtringen på Stend.

**Samarbeid mellom styret og dagleg leiar har vore godt. Dagleg leiar har vore tilsett i 80% stilling i meldingsåret.**

# STRATEGIPLAN

Strategiplanen vart samrøystes vedtatt **24.09.2018**. Planen vert ikkje tidsavgrensa, men kan reviderast når styret ser det tenleg. Strategiområda med tilhøyrande mål og tiltak er meint som eit styringsverktøy som skal gjenspeglast i budsjett og handlingsplanar.

## STRATEGIOMRÅDE

- **Lærlingestrategi:**  
Vi skal være ein opplæringstad som tar vare på og utviklar handverket og ha som mål til ein kvar tid å ha to lærlingar i arbeid.
- **Brukarstrategi:**  
Vi skal være eit kompetansesenter som er tilgjengeleg for båtbrukarane. Vi skal i samarbeid med kommunen legge til rette for at born og unge skal bli kjent med Oselvaren.
- **Kompetansestrategi:**  
Vi skal ha kompetanse på bygging av alle typar Oselvar-båtar. Vi skal ta vare på og utvikle spisskompetanse i faget. Vi ønskjer ei kontinuerleg fagleg utvikling av dei tilsette, og skape eigarskap til eigen arbeidsplass.
- **Sponsorstrategi:**  
Vi vil utvikle ein sponsorstrategi som stimulerar til samarbeid mellom næringsliv, privatpersonar, lag og organisasjonar. Arbeide aktivt i samarbeid med sponsorar for å spreie informasjon om Oselvaren og arbeidet til Oselvarverkstaden.
- **Formidlingsstrategi:**  
Vi skal delta på messer og festivalar, dokumentere arbeidet vårt med tekst, film og bilete. Vi skal ha tett dialog med kommunen og fylkeskommunen for felles formidling av Oselvartradisjonen. Vi skal lage gode nettsider med relevant informasjon om arbeidet vårt.
- **Nettverksstrategi:**  
Vi skal være ein del av fleire nettverk for formidling av handverk og norske tradisjonsbåtar.
- **Samfunnsstrategi:**  
Vi skal være eit regionalt senter for oselvarar og mindre vestlandsbåtar. Sikre Oselvarverkstaden si historiske rolle og posisjon i kommunen og i fylkeskommunen. Være ein del av nasjonale målsetningar for utdanning og formidling av norsk småbåttradisjon.

# KOMMENTAR FRÅ

# DAGLEG LEIAR

Oselvarverkstaden har heldigvis ikkje hatt så store utfordringar i samband med Covid-19-pandemien. Til tross for delvis stenging av samfunnet og strenge karantenerreglar fekk vi levert nesten alle båtane som var i produksjon til avtala tid. Ein båt vart riktignok levert litt seint, men oppdragsgjevar hadde stor forståing for situasjonen. Det største problemet har vore at vi ikkje har fått vist oss fram til publikum.

Alle messer og festivalar vart avlyst i 2020 og vi har stengt verkstaden for omvising og anna besøk. Det har og vore vanskelig for vår utanlandske arbeidstakar å komme på jobb, men elles har drifta stort sett gått som planlagt. I 2020 leverte vi ein firborda-færing til Askøy Kystlag, ein færing til Bergen, ein færing med rigg til Os og ein ubehandla færing til Kristiansand. Ordretilgangen har vore litt svakare enn tidlegare år, men det ser ut til at vi likevel har greitt med arbeid i 2021.

Oselvarverkstaden, og kulturarven som verkstaden held i hevd, er viktig for Bjørnafjorden og Vestlandet.



**Båtslakt:** Frå venstre: Leif Harald Amundsen, Stig Henneman, Fredrik Meier og Ella Mørtzell. Oselvaren vart ferdigbygd av Ella og del av fagprøven hennar.

Arbeidet som er lagt ned på verkstaden i snart 23 år, har gjeve oss ein unik posisjon nasjonalt. Det er no på tide å ta eit steg vidare i utviklinga av Oselvarverkstaden, men dette krev grundig førearbeid og eit gjennomtenkt konsept.

I 2020 brukte vi mykje tid på å leggje planar for "Nye Oselvarverkstaden". Vi hadde ett tett og godt samarbeid med "Norges Vel" og inviterte til "workshop" på Oseana.

Arrangementet vart diverre avlyst grunna pandemien, men vi gjer ikkje opp. Så snart vaksinasjon er i gong og samfunnet opnar opp, vil vi prøve å gjennomføra workshopen.

På den planlagde samlinga vil vi invitere representantar frå fylke, kommune, næringsliv og reiseliv for å få innspel og idéar om korleis vi kan utvikle Oselvarverkstaden og området rundt verkstaden dei neste åra.

Det er ikkje lett for oss aleine å leggje planar for framtida. Vi er fullstendig avhengig av at fylket og kommunen kjem på banen, uansett om ein tenkjer på ombygging og/eller utviding, men dette lar seg ikkje gjennomføre utan at politikarane set av økonomiske midlar.

Oselvarverkstaden har eit nasjonalt og internasjonalt potensiale som i dag ikkje vert utnytta. Dette kan skyldast at vi nyttar lite midlar til marknadsføring. Oselvarverkstaden treng kanskje og eit nytt og profesjonelt blick på eigen profil og korleis verkstaden marknadsførast i dag, kontra korleis dette kan løysast i framtida og vi må kanskje tenkje ut nye digitale løysingar for å nå ut til publikum.

Oselvarverkstaden satser på bli ein enda meir sentral og aktiv deltakar i det nordiske tradisjonsbåt-miljøet. Samarbeidet med Universitetet i Tromsø er berre eit eksempel på dette og kva vi kan få til i framtida.

Os, 10. februar 2021  
Vidar Langeland

# ORGANISASJON

Føremålet med Oselvarverkstaden er å ta vare på båtbyggjarhandverket i samsvar med tradisjonar og strenge krav til kvalitet, og å føra båtbyggarkunsten vidare til nye generasjonar ved systematisk og grundig opplæring av nye båtbyggjarar. Stiftinga held til i Os i Hordaland.

## Tilsette 2020:



Maik Riebort  
*båtbyggjar*



Leif Harald Amundsen  
*båtbyggjar*



Stig Henneman  
*båtbyggjar*



Berit Synnøve  
Osmundsen  
*fagleg leiar*



Vidar Langeland  
*dagleg leiar*



Ella Mørtsell  
*lærling*  
*(avslutta i august)*



Fredrik Meier  
*lærling*



Nis Nielsen  
*lærling*  
*(starta september)*

Båtbyggjarane **Leif Harald Amundsen** og **Stig Henneman** har hatt 100% fast stilling med arbeidsplass på Oselvarverkstaden. **Maik Riebort** har vore tilsett i 50% fast stilling som båtbyggjar. **Berit Synnøve Osmundsen** har vore i 20% stilling som båtbyggjar, resten av tida har ho arbeidd som stipendiat ved Handverksinstituttet. **Sylvia Vangsnes** er tilsett som reinhaldar i 5,33 % stilling. **Vidar Langeland** har vore tilsett i 80 % stilling som dagleg leiar. **Fredrik Meier** og **Nis Nielsen** har vore lærlingar i meldingsåret.

# VERKSTADEN

Oselvarverkstaden er ei sjølvstendig stifting som får økonomisk støtte frå Vestland fylkeskommune og Bjørnafjorden kommune. Verkstadslokala er eigd av Bjørnafjorden kommune.

## Leigekontrakt med Bjørnafjorden kommune

Vi har kontrakt med Bjørnafjorden kommune om leige av verkstadbygg og avtale om IKT og vedlikehald av bygg og uteområde. Denne avtalen treng oppdatering etter kommunesammenslåinga i 2020.

## Fornyng av maskiner og utstyr

Vi fekk på plass ny avrettar i januar 2020 og har skifta ein del slanger og røyr i punktavsuet.

## Stadig fokus på arbeidsmiljø og lokaler


Det er trøgt om plassen når det er full produksjon. Vi treng arbeidsplass for fire båtbyggjare og to lærlingar, i tillegg kjem kontor og andre nødvendige fasilitetar for dei tilsette. Vi må og ha plass for gjeste-studentar og besøkjande. Plass og økonomi er framleis dei største utfordringane vi har.

Andre etasje fungerer i dag som både arbeidsplass og utstilling. Tanken er at dei som besøkjer Oselvarverkstaden kan sjå båtbygging utan å uroa dei som arbeider i produksjonen. For tida er det sett opp lot og stemn på denne arbeidsplassen, bygginga vil helda fram når vi får ledig tid.

Ein lyt ofte improvisera for å få kvardagen til å gå i hop. Flytting av båtar, material og større maskiner som skal inn og ut av verkstaden er sær tungvint og krevjande.

Ei utviding av lokala står høgt på ønskelista for å betra arbeidstilhøva, men òg for å kunne følgje opp forventningane til dei som kjem innom for omvising.

# ØKONOMI



Driftsinntekt for 2020 var kr. 3.673.415,-,- mot i 2019 kr. 3.661.888,-

Varekostnad i 2020 var kr. 63.563,- mot i 2019 kr. 108.271,-

Personalkostnad for 2020 var på kr. 2.753.310,- mot i 2019 kr. 2.535.125,-

Andre driftskostnadar i 2020 er på kr. 679.389,- mot i 2019 kr. 699.636,-

Resultatet visar eit overskot pr. **31.12.2020** på **kr. 29.880,-** Samanlikna med 31.12.2019 då det vart eit overskot på kr. 259.652,-



# PRODUKSJON

**Oselvarverkstaden har levert fire færingar i 2020.**

**Bygg nr 99:** Færing 10 al, usmurd robåt. Vart levert i oktober 2020 til ein kunde i Kristiansand.

**Bygg nr 100:** Færing 10 1/4 al, ro og seglbåt. Tjørebehandla og med sprisegrigg. Båten er ferdig, men blir ikkje levert til kunde før i mars 2021. Kjøpar bur på Os.

**Bygg nr 101:** Firborda-færing robåt 10 al til Askøy kystlag. Linolje og med måla børeboard. Båten vart levert i juni 2020.

**Bygg nr 102:** Færing 10 al, komplett lakka robåt. Dette er båten som sto i utstillinga i andre etasje. Båten vart levert til ein kjøpar fra Bergen i juni 2020. Båten er no tatt tilbake grunna feil med botnsmørjing og overflatebehandling. Kunden får ny båt i 2021.

## Ordretilgang

Vi har hatt nedgang i etterspørsel det siste året, nokre interesserte syns det er for lang leveringstid og har difor ikkje bestilt båt. Ved årsskifte, 2020/2021 har vi tre båtar i produksjon og to i bestilling. Det betyr at vi har arbeid arbeid med nybygg fram hausten 2021. Vi vil ta inn nokre fleire reparasjonar i året som kjem.

## Tømmer/ tilgang på material

Båtbyggjarane hogg tømmer i Samnanger/Fusa, ved Sævildsvatnet i januar. Same plass som i 2019. Sævild er eit skogsområdet aust for Samnangerfjorden, med grei tilkomst og bra skogsveggar. Skjering av tømmeret blei gjort på parkeringsplassen ved lageret vi leige i Hegglandsdalen. Der har vi óg lagra og tørka materialen.

Vi må heile tida vere i forkant og alltid ha god material på lager. Det har vore krevjande å finna eigna skog, men det ser no ut til at vi kan nytta hogstområdet i Samnanger eit par år til.



Båtbyggjarane hogg tømmer i Samnanger/Fusa, ved Sævildsvatnet i januar. Sævild er eit skogsområdet aust for Samnangerfjorden. Her ser vi Berit i aksjon med motorsaga.

# LÆRLINGAR

**Ella Mørtzell** og **Fredrik Meier** har vore lærlingar sidan 1. september 2017. Ella vart ferdig med læretida si 1. mars 2020, mens Fredrik vert ferdig 1. mars 2021. Begge er har vorte dyktige handverkarar og dei besto fagprøvene sine med glans. Ella held fram med å byggje nordlandsbåt hos Ulf Mikalsen på Kjerringøy i Nordland, mens Fredrik er enno ikkje ferdig på Oselvarverkstaden.

1. september 2020 kom **Nis Kristian Nielsen** til Oselvarverkstaden for å starte på læretida si. Nis er frå Danmark og skal vera lærling fram til 1. juli 2023. Vi har òg fått på plass avtale med ein ny lærling som skal starte 1. august 2021. Lærlingane gjer oss utfordringar i høve til økonomi og plass, men vi ser at dette arbeidet er viktig for både verkstaden og arbeidsmiljøet.



To nye båtbyggjare: Fredrik Meier og Ella Mørtzell tok fagbrev i 2020.

# MARKNADSFØRING

I 2020 har vi hatt nokre annonsar i lokalavisa og magasinet Kysten, men den viktigaste marknadsføringa har vore gjennom sosiale media. Grunna Covid-19 har vi ikkje vore på messer og festivalar det siste året. Pandemien har gjort det vanskeleg for oss å nå ut til publikum.

Facebook-sida vår får stadig nye følgjarar. Vi legg ut nyttig informasjon og andre meir kuriøse saker. Facebook-sida hadde **7430 følgjarar** ved årsskiftet, omlag **600** av dei har kome til siste året. På Instagram har vi nesten **1200 følgjarar**. Sosiale media gjer oss rimeleg marknadsføring, men krev ein del arbeid.

Nettsida vår er godt besøkt og har etter kvart mykje relevant innhald. Siste året hadde Oselvarverkstaden **131 000** klikk på nettsida. Det er i snitt nesten **360 brukarar kvar dag**. Ikkje alle desse besøka er reelle, mange av treffa er såkalla "spiderer" som indekserer nettsida.

13 % av treffa kjem frå Noreg, 10 % frå USA, og 9 % frå Danmark. Vi har altså eit særst internasjonalt publikum til tross for at sidene stort sett berre er på norsk. 84 prosent av besøka kjem frå datamaskin, resten kjem frå nettbrett/mobil.

# FORMIDLING

## Omvisning på verkstaden

Grunna pandemien har vi nesten ikkje hatt besøk siste året. Dei som har vore innom er nokre båtkjøpare som vil følgje med på bygginga. Andre har vore innom og spurt om hjelp til reparasjon eller kjøp av material/utstyr. Vi har avlyst organisert omvising (utan om skuleklassane) og har hatt stengt for publikum det meste av året.

## Formidling i lokalsamfunnet

Oselvarfestivalen og andre arrangement vart diverre avlyst i 2020.

## Skulane

Omlag 350 niandeklasse-elevar frå skulane i Bjørnafjorden besøkte verkstaden i samband med Oselvardagane. Arrangementet er ein del av den «Den kulturelle skulesekken» og eit samarbeid mellom Oselvarlaget og Oselvarverkstaden. Kvar skuleklasse fekk ein heil Oselvardag. Stig og Maik hadde ansvar for undervisninga her på Oselvarverkstaden. Etter dette tok Geir Jonassen og Oselvarlaget over og elevane fekk høve til prøva seg på både roing og segling. Grunna Covid-19 vart Oselvardagane flytta til hausten i 2020.



## Film og foto

Vi prøver å dokumentera alt vi gjer, både i skogen og på verkstaden. Vi har planar om å få profesjonell hjelp til redigering av opptaka. Film og foto nyttast til både formidling, dokumentasjon og marknadsføring av oselvaren.

## Nasjonal formidling av Oselvaren

Vi jobbar framleis med timeplan, pensum og studiplanar for tradisjonsbåtstudiet som er planlagt i Tromsø. Berit Osmundsen er vår representant og ho har, saman med andre tradisjonsbåt-byggjarar, arbeidd med å få studiet på plass. Berit sit i kjernegruppa som har utforma studiet. Terje Planke har òg ein viktig rolle i planlegginga, men som alt anna i samfunnet, har og dette arbeidet vore prega og forseinka av Covid-19.



I juni fekk vi endeleg tid til å ta oss ein tur til Nordhordland for å prøve seksæringane vi leverte vinteren 2019/20. Atle Bergseth frå idrettslaget Kvernbit hadde laga til eit flott opplegg for oss. Vi fekk først omvisning på Ypso Kystgard. Deretter rodde vi seksæringane til Holmeknappen på Frekhaug.

Når Oselvarverkstaden blir praksisplass for båtbyggjarstudentar, vil dette vera med på å styrkje Oselvarverkstaden som eit kunnskapsenter, samt gjere oss betre rusta til å ta vare på kulturarven og handverket.

## OPPLÆRING

I juni var alle båtbyggjarane med på rotur for å teste dei nybygde seksæringane. Vi rodde omlag 10 nautiske mil og fekk prøve dei to oselvarene med ulik last og antal folk i båten.

Dagleg leiar har delteke på kurs / seminar i regi av Visit Bjørnafjord. Dette har vore nyttig i høve til arbeid med marknadsføring / brosjyrar og annan presentasjon.

## ARTISANS AT WORK- ÉCONOMUSÉE

Oselvarverkstaden er framleis med i nettverket "Économusée - Handverkar i arbeid". Det er i dag tretten Economuseum her i Noreg. Det har ikkje vore møte i nettverket i 2020. Den norske avdelinga er administrert av «Norges Vel». Dei har òg vore ein god samarbeidspartnar i arbeidet med å planleggje seminaret: "Nye Oselvarverkstaden.

# HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Det har ikkje vore alvorlege hendingar eller fráværsskadar i 2020. Vi har hatt mykje fokus på Covid-19 og smitteforebygging og har diverre måtte halda stengt for publikum det meste av året. Elles har vi sett opp informasjon og spritdispensar ved inngangsdøra og har hatt ekstra fokus på reinhald.

## ANNA BRUK AV VERKSTADEN

Os Fritidsfiskarlag har tidlegare år nytta andre høgda på verkstaden til møterom. I 2020 hadde dei kun eit møte på verkstaden. Os Dykkeklubb har ein kompressor i eit rom ved inngangen til verkstaden. Dei har vore flittige gjester i huset, men det har vore mindre aktivitet for dei og. Fritidsfiskarlaget har som vanleg gjort litt dugnadsarbeid rundt verkstaden. Sløydgruppa, som Berit har hatt for born, har hatt ikkje hatt aktivitet på verkstaden det siste året.

## GENERELT FOR OSELVARVERKSTADEN

### a) Føresetnader for vidare drift

I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova stadfester styret at det er føresetnader for vidare drift av stiftinga.

### b) Arbeidsmiljø

*Overflatebehandling:* Overflatebehandlinga går føre seg i eige rom med mekanisk utlufting. Arbeidstakarane bruker maske, overtrekksdress og hanskar under arbeidet.

*Maskiner og støy:* Maskinene er merkte etter forskrifta. Arbeidstakarane har påbod om å bruka hørslevvern når maskinene er i bruk.

*Sjukefråvær og skadar:* Sjukefråvær blant dei fast tilsette i meldingsåret har vore på 1,45 prosent, dette er medrekna fråvær grunna sjuke born. Det har ikkje vore skadar der tilsette har fått medisinsk tilsyn i 2020.

Det er utarbeidd risikoanalyse og skriftlege rutinar for risikoreduserande tiltak. Desse er godkjende av Arbeidstilsynet. Oselvarverkstaden har hatt avtale med "Bedriftshelsetjeneste Bergen" om bedriftshelseteneste.

### c) Likestilling

Stiftinga har fire fast tilsette båtbyggjarar, i tillegg kjem to lærlingar. Ein av båtbyggjarane er kvinne. I stiftingsstyret har det vore fem menn i meldingsåret.

### d) Påverknad på det ytre miljøet

Det er ingen ting ved verksemda som kan medføra særleg påverknad på det ytre miljøet. Det har ikkje vore hendingar med utslepp til ytre miljø i 2020.

### e) Økonomi

Driftsinntekter for 2020 var kr. 3.673.415,- mot i 2019 kr. 3.661.888,-  
Varekostnader i 2020 var kr. 63.563,- mot i 2019 kr. 108.271,-

Personalkostnader for 2020 var på kr. 2.753.310,- mot i 2019 kr. 2.535.125,-  
Andre driftskostnader i 2020 er på kr. 679.389,- mot i 2019 kr. 699.636,-  
Løn dagleg leiar i 2020 (80 % stilling) : kr. 484.500,-

Resultatet visar eit overskot pr. **31.12.2020** på **kr. 29.880,-** I 2019 hadde vi eit overskot på kr. 259.562,- .

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av stiftinga sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Os, 03.03.21

Henrik J. Askvik  
*styreleiar*

Vidar Langeland  
*dagleg leiar*

Terje Planke  
*styremedlem*

Stig Morten Frøiland  
*nestleiar*

Stig Salbu Henneman  
*styremedlem*

Helge Steinum  
*styremedlem*

